Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 15.11.2021
Vår ref: 2021/15288
Dykkar dato: 20.10.2021
Dykkar ref:

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 27/7 - Øvretveit - frådeling - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.10.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen for frådeling av tomt til bustadbygging. Arealet er 1 700 m^2 stort og er registrert som innmarksbeite i NIBIO sitt gardskart. Området ligg også i omsynssone landbruk i kommuneplanen.

Statsforvaltaren si vurdering
Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Landbrukseigedomen er på 183 daa, og det er søkt om å dele ifrå 1700 m^2 frå ein teig på 3,6 daa med innmarksbeite. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. I denne saka vil ein konkret omdisponere 1700 m^2. I tillegg vil ein redusere verdien av resten av denne teigen, fordi den vert mindre og vanskelegare å nytte hensiktsmessig.

Vi kan ikkje sjå at saka har ein grunngjeving som gjer at ho skil seg frå liknande saker. Vi er difor uroa for at ein dispensasjon i denne saka vil gjere det vanskeleg for kommunen å avslå liknande saker. Vi vurderer difor det er ei fare for å setje kommuneplanen som styringsverktøy til side ved ei dispensasjon i saka. Vi viser til kommuneplanen skal vere styrande for nye tiltak i kommunen jf. pbl § 11-6.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon i denne saka og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN